A Finstad Cad As
Lægran Gosenvegen 584
7717 STEINKJER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/7105 - 23/28838 | Mette Robertsen<br>mette.robertsen@alver.kommune.no | 09.05.2023 |

# Vedkommande mengd og tilfredstillande vasskvalitet, samt opplysningar om ansvarleg føretak - gbnr 49/2 Fjellsbø søndre

Viser til søknad om tiltak på gbnr 49/2 Fjellsbø søndre, og ber om at følgande dokumentasjon vert lagt til saka:

1. Det er ved søknad opplyst om at De ynskjer å nytte eksisterande brønn på eigendommen. Om ikkje det er råd, er det opplyst at De ynskjer å bore etter vatn på staden. Administrasjonen oppmodar til at det vert gjort greie for tilfredsstillande vassmengd, samt tilfredsstillande hygienisk vasskvalitet.

   Administrasjonen kan ikkje gje løyve i 1 trinn dersom ikkje eigendommen er sikra lovleg vassforsyning. Eventuelt kan det gis rammeløyve, på vilkår.

2. Viser også til søknad om utsleppsløyve med vedtak datert 18.01.2023., punkt 6:

   **6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.**

   Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort greie for ansvarleg føretak med omsyn til etablering av minireinseanlegg, og ber om at naudsynte opplysningar vert sendt kommunen saman med situasjonskart som syner tiltakets plassering på eigendommen.

Kommunen ber om at tilleggsdokumentasjon sendes kommunen innan 15.05.2023. Dersom ikkje dokumentasjonen er motteke innan frist, gjer me merksam på at søknaden vert handsama ut frå dei opplysningar som ligg føre.

Med helsing
Alver kommune Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Mette Robertsen |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Karsten Raa | Hordvikneset 39 | 5108 | HORDVIK |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| A Finstad Cad As | Lægran Gosenvegen 584 | 7717 | STEINKJER |